



Skala for uro knytt til barn og unge

Bekymringsskalaen er eit redskap som skal hjelpe deg med å avklara kor bekymra du er for eit bestemt barn eller ungdom. Skalaen er eit verktøy som viser kva du kan leggje vekt på i vurderinga av utfordringa. Ved hjelp av bekymringsskalaen kan du i samarbeid med andre gi ei klar og fagleg vurdering av ein vanskelig situasjon.

Det er viktig å hugse at problema til barnet/ungdommen på ulike tidspunkt i livet kan få forskjellige plasseringar på skalaen. Din vurdering dannar eit augneblikksbilde. Barnet kan vera i ein belastande situasjon (for eksempel skilsmisse eller dødsfall i familien) og reagere med atferd som vekkjer bekymring i ein periode.

Det er viktig å hugse at skalaen er eit internt verktøy som kan hjelpe deg til å utføre best mulig skjønn. Når du og ledaren din har vurdert graden av barnets problem, må dykk følgje prosedyren i handlingsveilederen.

Husk alltid å involvere barnet og foreldre, **bortsatt fra ved mistenke om vold og overgrep.**



Skala for uro - barn / unge

| | Barnet / ungdommen | Foreldra | BTI |
|------------------------------------|---|---|--|
| Barn med generelt god trivsel | <ul style="list-style-type: none">Barnet utviklar seg normalt både sosialt, fysisk og intellektuelt.Normale og naturlege endringar i trivsel. | <ul style="list-style-type: none">God foreldreomsorg.Foreldra søker rådgjeving om barnet i ein periode ikkje har god trivsel.Foreldra kan søkja hjelp ved å kontakta lege, sjukepleiar, barnehage, skule m.m. | Vanskane handterast i det daglege rom (Nivå 1) |
| Barn med redusert trivsel | <ul style="list-style-type: none">Barnet er utsett for lette, men konstante belastningar og viser teikn på at noko er galt/mistrivsel.Barnet er utsett for ein større, men forbigåande belastning og viser teikn på mistrivsel/at noko er galt (barnet kan for eksempel vera påverka psykisk og sosialt av ei bestemt hending).Barnet kan ha utfordringar med språk, kommunikasjon, læring, motorikk, sosialt eller emosjonelt. | <ul style="list-style-type: none">Foreldreomsorgen er god.Foreldrene høyrer på råd og rettleiing frå lærar, pedagog, sjukepleiar, psykolog m.m. | |
| Barn med behov for tilrettelegging | <ul style="list-style-type: none">Barnet viser tydelege teikn på at noko er galt/mistrivsel.Barnet gir signal i form av endra atferd, -emosjonelt, sosialt, motorisk, språkleg og evt. Redusert hygiene. | <ul style="list-style-type: none">Foreldreomsorgen er god ellerForeldreomsorgen er midlertidig redusert p.g.a. sjukdom, misbruk, aktuell krise ved sjukdom, dødsfall eller arbeidsløye. | Vanskane framgår frå ulike fagområde (Nivå 2) |
| Barn med behov for spesiell støtte | <ul style="list-style-type: none">Barnet er utsett for langvarig belastning og viser tydelege teikn på mistrivsel/at noko er galt.Barnet fungerer dårleg og utviklar seg i ei negativ retning på eit eller fleire utviklingsområdet.Barnet kan ha vanskeleg for å knyta seg til eller skapa relasjonar til andre barn eller vaksne. | <ul style="list-style-type: none">Foreldreomsorgen er god, men belastninga er stor ellerForeldreomsorgen er redusert | Vanskane krev innsats frå ulike fagområde (Nivå 2) |
| Barn med risiko for skade | <ul style="list-style-type: none">Barnet mistrivst sterktBarnet fungerer svært dårleg og viser tydelege teikn på forsinka utvikling. | <ul style="list-style-type: none">Foreldreomsorgen er god ellerForeldrenes omsorg er utilstrekkelig/svært redusert ellerfråverande omsorg. Foreldrene er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller faktorar i nettverket. Alle lokale tilbod er testa utan hell. | Vanskane må løysast på spesielle stader. (Nivå 3) |